

Studie av dommen om datalagringsdirektivet frå Europaparlaments juridiske teneste

- *Dommen om at datalagringsdirektivet er ugyldig har konsekvensar for all EU-lovgjeving og for nasjonal gjennomføring i EU-landa av EU-lovgjeving på dette området*
- *EUs charter om grunnleggjande retter medfører at datalagringslovgjeving må ha klare reglar som sikrar ein balanse mellom retten til privatliv og omfanget av lagring basert på ei vurdering av truslar*
- *Europakommisjonen kunne ikkje seie når den kjem med ei samla vurdering av effektar av dommen for EUs og nasjonal lovgjeving og EUs internasjonale avtaler*

Den juridiske tenesta i Europaparlamentet [presenterte i dag sin rapport](#) om konsekvensar av dommen frå EU-domstolen (EUD) i april i fjor om datalagringsdirektivet. [EUD slo fast at Datalagringsdirektivet var ugyldig](#) fordi det medfører eit for stort inngrep i privatliv og grunnleggjande rettar utan at dette er avgrensa til det som er strengt naudsynt.

Europaparlamentets Borgarretts-, justis og innanrikskomite (LIBE) ba i fjor den juridiske tenesta i Europaparlamentet om å vurdere ni konkrete spørsmål knytt til dommen. Den juridiske teneast sa i LIBE i dag at dommen er relevant for dei tilfella der EUs charter om grunnleggjande rettar gjeld. Det medfører at det er relevant for all EU-lovgjeving og i samband med nasjonal gjennomføring av EU-lovgjeving i EUs medlemsland. Dommen er derfor relevant ikkje berre for datalagringsdirektivet, men også t.d. i samband med diskusjon om regelverk for lagring av passasjerdata. Dommen betyr ikkje at all nasjonal lovgjeving på dette området er ugyldig, men at det truleg er nasjonal lovgjeving som må endrast. Nokre land har alt starta med ei vurdering av sitt regelverk, medan Storbritannia også har vedteke ny lovgjeving etter dommen. Får både EU- og nasjonal lovgjeving er det uansett krav om klare og tydelege reglar som balanserer tilhøvet mellom behov retten til privatliv og omfanget av lagring basert på ei vurdering av truslar. Dommen gjev ikkje klare definisjonar t.d. på kva som er akseptabel lagringstid for data fordi EUD fann at direktivet heilt mangla ei grunnleggjande vurdering av proporsjonalitet.


I diskusjonen etterpå var det stor avstand mellom dei ulike politiske gruppene. Peter Kirkhope (ECR, Storbritannia) framsto som den sterkast tilhengjaren av datalagring som metode for å forhindre, prove og straffeforfølge kriminalitet. Anna Maria Corzza Bildt (EPP, Sverige) sa dommen frå EUD må brukast som grunnlag for å utarbeide eit nødvendig europeisk regelverk for datalagring som sikrer balansen mellom privatliv og sikkerheit for samfunnet. Axel Voss (S&D, Tyskland) støtta også dette synet. Jan Phillip Albrecht (Dei Grøne, Tyskland), Sophie in 't Veld (ALDE, Nederland) og Cornelia Ernst (GUE/NGL, Tyskland) var alle kritiske til kor nyttig massinnsamling av data faktisk er. Dei er opptatt av at dommen må få klare konsekvensar ikkje berre for datalagringsdirektivet, men også for anna europeisk lovgjeving og nasjonal lovgjeving, jf. [også ei pressemelding fra GUE/NGL i dag](#). Albrecht sa det er heilt klart at dommen er relevant for all lagring av elektronisk kommunikasjon også på nasjonalt nivå. I møtet i dag distribuerte han ei [utgreiing frå to jusprofessorar om effektar av dommen](#) som han fekk utarbeida i fjor sommar.

Fleire av medlemmane i LIBE ba i dag om Europakommisjonens vurdering av effektar av dommen for EUs og nasjonal lovgjeving og også om den påverkar EUs internasjonale avtaler.

Europakommisjonen har fleire gonger sagt den vil kome tilbake med ei vurdering av kva denne dommen bør medføre for europeisk lovgjeving knytt til lagring av persondata. Kommisjonen kunne i dag ikkje seie noko konkret om når denne vurderinga vil vere kome, men sa den tok med seg momenta i diskusjonen og ville komme tilbake til spørsmåla som var stilt.

Per S. Nestande
Stortingets Brussel-kontor

8. januar 2015



Per S. Nestande
Seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
Internasjonalt sekretariat
Tel: 23 31 36 11
Mob: 917 68 598
psn@stortinget.no
www.stortinget.no